



Veteranlaget Wichmann Wärtsilä

KULTURELT UTVIKLINGSPROGRAM

Hordaland fylke



SLUTTRAPPORT



KULTURELT UTVIKLINGSPROGRAM

Sluttrapport pr. 28.09.2017

Prosjektnavn: **Norsk Veteranmotor Kunnskapscenter**

Tildelt beløp: kr 400 000,- Midlane blei løyvde sumaren 2014 og tildelte i september same år.

Prosjektet har vart i tre år, 2. halvår 2014, 2015, 2016 og 1.halvår 2017

Prosjektoverskrift :

OPPRETTING AV EIT HISTORISK KUNNSKAPSSENTER GJENNOM FORPLIKTANDE SAMARBEID MELLOM EIN FRIVILLIG ORGANISASJON OG PROFESJONELLE AKTØRAR.

Prosjektet hadde følgjande føremål:

- Ivareta og vidareføra kunnskap om produkt og arbeidsmetodar knytt til mekanisk verksemd i Bømlø med hovudvekt på motorproduksjonen på Rubbestadneset.
- Gjennom samarbeid med museale og private vernemiljø i tilknytning til fagområdet å bidra til bevaring av kystkultur i Hordaland.
- Vera ein sosial møteplass for pensjonerte arbeidstakarar knytt til mekaniske og maritime miljø.
- Bidra til arbeidstrening og supplerande fagopplæring av ungdom i samarbeid med Rubbestadneset vidaregåande skule og Bømlø kommune.
- Formidling

A) Framdrift i høve målsetting:

I søknaden var følgjande framdriftsplan lagt til grunn:

Frå september 2014:	Etablering og tilrettelegging. Prosjektstart
2015:	Prosjektdrift
2016:	Konsolidering overgang til kontinuerlig drift.
2017- 2018:	Vidareføring av drifta. Igangsetting av aktivitetar.

Medio juni 2017 er framdrifta om lag som planlagt. Det er aukande interesse for prosjektet, og ved siste samling var det 25 frammøtte veteranar. Ein arbeider aktivt for å auka kvinneandelen i laget, og i dei gruppene som no går ut i pensjon er det ein stor del kvinner som vert gjenstand for rekruttering.

Laget har i dag eit titalls kvinnelige medlemmer. Når det gjeld deira deltaking på dei regelmessige praksissamlingane er den diverre avgrensa, men det går føre seg aktiv tilrettelegging av aktivitetar slik at ein kan visa til høgare kvinneandel etter kvart.

Prosjektet har inngått samarbeid med Bømlø Vaksenopplæring om opplæring av busette flyktningar i norsk gjennom praktisk arbeid. Pr i dag deltek to unge syrarar i dette.

Medlemstalet i laget er no 88 personar. Over ein tredjepart av disse møter på samlingane annankvar onsdag, og på fordraga er det rundt 50 frammøtte. Ein planlegg også å utvida praksissamlingane til kvar onsdag, noko som vil gjera aktivitetane meir fleksible.

I «auditoriet» vårt som har plass til 55-60 personar, er det installert høgtalaranlegg og teleslynge.

B) Avvik i høve prosjektplan / budsjett:

Som rapportert tidlegare har prosjektet heilt frå starten i 2014 gått om lag etter planen. Noko endra definering av aktivitetar har vore naudsynte, men ligg likevel innanfor rammene til prosjektet. Økonomien har til no vore tilfredsstillande, takka være den aktiviteten vi er blitt tilført gjennom dei ulike verneprosjekta. Ser ein på økonomien i høve til det budsjettet som vart presentert 10.12.2014, er det berre mindre avvik.

Den lokale sponsormarknaden er framleis anstrengt, men ein ser lyspunkt på litt lengre sikt. Også «løyvingar» frå søkjebare offentlege og halvoffentlege midlar har vore mindre enn det ein håpa på. Ein har hatt stor merksemd på at drifta skulle tilpassast dei midlane som var tilgjengelig.

C) Andre merknader.

Diverre har det heller ikkje i 2016 og 2017 luktast å få hospitantar frå vidaregåande skule. Dette skuldast fastlåste undervisningsplanar som vanskeleg let seg tilpassa regelmessig aktivitet utanfor skulen.

Ein arbeider likevel med skuleleiinga for å få ei ordning hausten 2017. Dette kan visa seg å vera mogleg dersom me aukar samlingsfrekvensen til kvar onsdag.

Sidan tildelinga av KUP-midlar vart gjort kjend 29.09.2014, har det vore jamn aktivitet i prosjektet.

Veteranlaget Wichmann Wärtsilä har sidan 2014 hatt tilhald i leigde lokale. I desember 2016 underteikna laget ein kjøpskontrakt på huset, og laget er frå 01.01.2017 eigar av huset. Den formelle eigaren er Norsk Veteranmotor AS, som er eit AS heileigd av Veteranlaget.

Bygget eignar seg godt for føremålet sidan alle lagets aktivitetar er i 1. høgda. Der er universelt tilpassa tilgong til lokala, og også toalett for rørslehemma. Det er rommelig parkering for både privatbilar og buss på tre sider av huset. Bygget ligg også gunstig i høve til bruk av kollektive transportmidlar med ca 50 m til busstopp. Snøggbåtkaia med regulære anløp til og frå Bergen ligg berre 100 m frå eigedomen.

Laget sin eigedom, Austbøvegen 11, på Rubbestadneset



D) Oversikt over aktiviteter knytt opp mot målsette føremål:**1. Ivareta og vidareføra kunnskap om produkt og arbeidsmetodar knytt til mekanisk verksemd i Bømlo med hovudvekt på motorproduksjonen på Rubbestadneset.**

Fylgjande aktivitetar er gjennomførde:

- Innkjøp og montering av to løftekrantar og ymse handverktøy for arbeid med verna motorar.
- Omfattande arbeid med hovudmotoren til Folgefonn1 for Hardanger fartøyvern.
- Innreiing av arkivdelen av prosjektet.
- Montering av rullearkiv med 235 hyllemeter arkivplass. Dette er ei gåve frå Sjøfartsdirektoratet i Bergen. Medlemmer av Veteranlaget sto for demontering i Bergen og montering på Rubbestadneset.
- Komplettering av innreiing i arkivdelen av prosjektet.
- Tilrettelegging for digital formidling. Tillaging av auditorium med plass til om lag 50 tilhøyrarar/ ev. seminarinnreiing for 24 deltakarar.
- Etablering av arbeidsstasjonar for prosjektdeltakarane.




Løftekrantar



Løfteoperasjon i samband med restaurering av motor



Montering av rullearkiv



2.
3.
4.



Auditorium klargjort for foredrag og kurs.

5. Bidra til bevaring av kystkultur i Hordaland gjennom samarbeid med museale og private vernemiljø i tilknytning til fagområdet.

- Samarbeid med Hardanger Fartøyvernssenter gjennom Stiftinga Hardanger og Voss museum om fleire oppgåver knytt til bevaring av motorar i verna fartøy.
- Kartlegging og grovsortering av arkivmateriale. Dette arbeidet er i samarbeid med Hordaland Fylkesarkiv.
- Vidareføring av kartlegging og grovsortering av arkivmateriale. Dette arbeidet er i samarbeid med Hordaland Fylkesarkiv.
- Oppretting og signert forvaltningsavtale med Wärtsilä Norway vedrørende ivaretaking og framsyning av Wichmannsmia.
- Innleia samtalar med Sunnhordland Museum om bistand ved deira formidling av industrihistorie.
- Deltaking med foredrag /paneldeltaking om motorpass på helgeseminar i regi av Norsk Forening for Fartøyvern. (Bodø des. 2016).
- Samarbeid med Bømlo bibliotek om historiekvelder tilknytt Wichmann Motorfabrikk.
- Overtaking og flytting av ein stor Wichmann oppfyringsmotor (50 HK) frå Vestnorges Fiskerimuseum til Rubbestadneset.
- Etablert samarbeid om råd og rettleiing med fartøyverneinteressar i Odda vedrørende MS «Lindenes» og MS «Eitrheim».
- Samarbeid med Stiftinga «Hamen» om diverse arbeid i samband med restaurering av lastefartøyet «Hamen».

6. Vera ein sosial møteplass for pensjonerte arbeidstakarar knytt til mekaniske og maritime miljø.

Tilskipping av aktuelle foredragskvelder med mellom 40 og 50 tilhørarar.
Ein prøver å dekkja ulike tema og har hatt fylgjande foredragshaldarar:

- Trygve Eiken frå Wärtsilä Shipdesign om moderne skipskonstruksjonar.
- Sjøfartsdirektør Olav Akselsen om direktoratets arbeid.
- Tore Kallevåg, leiar i Olvondo AS om bedriftsetablering.
- Torleiv Fylkesnes, leiar i Matre Maskin om innovasjon i ei moderne industriverksemd.
- Atle Berge, gründer i Ølen betong om bedriftsetablering i Russland.
- Brynjar Stautland vedrørende Bømlo som «steinrike».
- Sveinung Hansen om Wärtsilä sine framtidsperspektiv.
- Medlemmene har også vore på reiser til Oljemuseet i Stavanger, fiskerimiljøet i Austevoll, museumsvitjing på Osterøy, samt to utlandsturar til Litauen og Polen.



Fullsett auditorium i samband med medlemsforedrag.

7. Bidra til arbeidstrening og supplerande fagopplæring av ungdom i samarbeid med Rubbestadneset vidaregåande skule og Bømlo kommune.

- Hospitering av elevar frå Rubbestadnes Vidaregåande Skule for praktisk opplæring og røynsle.(Berre haust 2014- vår 2015)
- Vitjing og orientering av fleire skuleklassar, ungdomsskule og vidaregåande skule, mellom anna fleire klassar frå skuleskipet «Gann».
- Sysselsetting av yrkeshemma i samarbeid med NAV og Bømlo kommune.
- Prosjektet har inngått samarbeid med Bømlo Vaksenopplæring om norskopplæring av busette flyktningar i gjennom praktisk arbeid. Pr i dag deltek to unge Syrarar i dette.



Elevar frå Rubbestadneset vidaregåande og Bømlo Vaksenopplæring under kyndig vegleiing

8. Formidling

- Gjennomføring av to to-dagars motorpassarkurs for «veteranmotormaskinistar» i april 2017. Til saman 30 deltakarar frå ymse verneprosjekt frå «heile landet».
- Planlegging av Arkiveringskurs for eigne og utanforståande interesserte i september/oktober 2017.
- Det er også utarbeidd nokre enkle faldarar som gjere greie for aktiviteten i laget.
- Fleire foredrag for andre pensjonistgrupper og ulike lag/foreiningar som vitjar Rubbestadneset
- «Open dag» i Wichmannsmia, motorverkstaden og arkivet.(2015 og 2017)
- Bømlo Kunstlag har årlege utstillingar i Smia.
Sumaren 2017 har ein til rådvelde lokale for gjennomføring av eit kunstprosjekt med utgangspunkt i plastsøppel langs strendene våre.



Filmframvisning og foredrag for tilreisande turgrupper.



Kunngjering av open dag

Faldarar med informasjon om verksemda



Kunstutstilling i Smia

Kunstprosjekt basert på havsøppel.



Oppdekking for festmåltid i Smia. Samarbeid med lokale arrangører.

Prosjektavslutning.

Prosjektet sluttar no formelt av i høve til dei aktivitetane som vart lagde fram i søknaden, og eit revisorstadfesta prosjektrekneskap ligg ved rapporten. Men drifta fortset med same målsetjing.

Rubbestadneset 28.09.2017

Veteranlaget Wichmann- Wärtsilä

Jan Willy Folgerø-Holm
leiar.

Vedlegg: Rekneskap og revisorrapport.

Regnskap til KUP for Norsk Veteranmotor kunnskapssenter perioden 2014 - 2016

Kostnader	Virkelig	Prognose
Inventar og utstyr i verkstad	196413	635000
Arbeid på lokaler	40503	
Husleie	611684	825000
Fellesutgifter		300000
Straum		240000
Rekneskap og revisjon		75000
Etablering	5666	
Dugnadstimar a 250,-arkiv og adm	251000	1)
Dugnadstimar a 250,- for salg	777000	1) 3)
Data og AV fomidling	123602	210000
Skolering eige personell	3967	250000
Inventar kontor og personal	7650	113000
HMS utstyr		150000
Kursutgifter	30000	
	2047485	2798000

Finansiering	Virkelig	Prognose
Inntekter fra utførte tenester	858846	2)
Tilskot fra Wärtsilä	185000	
Andre tilskot	127028	
Hardanger Fartøyvern	0	340000
Ekstern støtte og sal av tenester	0	410000
Eigeninnsats	0	1800000
Momsrefusjon	203897	
Eigenfinansiering elles	156714	
KUP midlar	360000	400000
Ikkje mottekne KUP midlar	41000	
Ikkje motteke fra kundar	115000	
	2047485	2950000

Kostnadsbilag medtatt over er nesten uten unntak utstedt til Norsk Veteranmotor AS.

Moms er fradragsført i Norsk Veteranmotor AS og er medtatt som finansiering.

1) Dugnadstimer føres pr gang med tidsrom, navn på frammøtte og oppgaver utført.

Det er ikke notert eksakt antal timer pr person, men brukt et rimelig snitt-antall.

Referat sendes i e post til samtlige i etterkant.

2) Inntekter er fakturert med mva fra Norsk Veteranmotor AS. Beløp anført over er uten mva.

3) Vi bed Fylket vurdere berettigelsen av denne posten som kostnad.

Rekneskapen dekker perioden november 2014 tom juni 2017.

Rubbestadneset, 26. september 2017



Til KUP

Uavhengig revisors beretning til prosjektrekskap

Konklusjon

Vi har revidert prosjektrekskapet for Norsk Veteranmuseum kunnskapscenter for Kulturelt utviklingsprogram 2014, som ble avsluttet 28. juni 2017. Prosjektrekskapet består av oppstilling over kostnader 28. juni 2017 og noter 1, 2 og 3 som beskriver grunnlaget for utgiftsoppstillingen. Prosjektrekskapet er utarbeidet av ledelsen ved bruk av prinsippene beskrevet i note 1,2 og 3.

Etter vår mening er prosjektrekskapet for Norsk Veteranmuseum kunnskapscenter for Kulturelt utviklingsprogram 2014, som ble avsluttet 28. juni 2017, i det alt vesentlige utarbeidet i samsvar med prinsippene beskrevet i note 1, 2 og 3.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i «*Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av prosjektrekskapet*». Vi er uavhengige av selskapet slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Presisering - Grunnlag for regnskapsavleggelse og begrenset distribusjon

Vi gjør oppmerksom på note 1, 2 og 3 til prosjektrekskapet, som beskriver grunnlaget for regnskapsavleggelsen. Prosjektrekskapet er utarbeidet for å gi informasjon til KUP. Prosjektrekskapet er derfor ikke nødvendigvis egnet for andre formål. Vår uttalelse er kun beregnet på ledelsen i Norsk Veteranmuseum kunnskapscenter og KUP og skal ikke distribueres til andre parter.

Ledelsens ansvar for prosjektrekskapet

Ledelsen er ansvarlig for utarbeidelsen av prosjektrekskapet, og for slik intern kontroll som ledelsen finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et prosjektrekskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av prosjektrekskapet

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at prosjektrekskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar

med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på prosjektregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i regnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av Selskapets interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.

Vi kommuniserer med ledelsen blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Stord, 26. september 2017

BDO/AS



Kari Landre Bjerke
registrert revisor